

# Menneske- domenet

Robotane får til mangt, men balladen og visa kjem dei aldri til å bli best på.

## ROCK/COUNTRY




MARLON WILLIAMS:

**Make Way For Love**

DEAD OCEANS/PLAYGROUND

## WISE



ÅSMUND NESSE:

**Viser frå Vesterland**  
NESE SOUND

«Love is a terrible thing», heiter det i det sjette sporet på Marlon Williams' nye album *Make Way For Love*. Slik konkluderer ein når såra er ferske etter eit vondt kjærleiksbrot, som Williams ifølgje presseskriver og diverse omtalar var prega av då han laga plata. Pianoballaden rommar eit av populærmusikkens store paradoks, nemleg at det kan gjere så godt å høyre om noko som var så vondt.

Eg jubla over debutalbumet Marlon Williams då plata kom ut

i 2015. «Han har røysta til ein engel og bagasjen til eit forkome skrømt», skreiv eg den gongen. Røysta er like vakker tre år seinare, men Williams har altså meir å bere på skuldrene.

## MELODRAMATISK

«Love is a terrible thing» får meg til å tenkje på John Grant, ikkje berre på grunn av synthsoloen, men også den vokale vellyden, og dessutan eit umiskjennelig melodramatisk grunnstoff. Brotet Williams gjekk gjennom, førte med seg eit oppbrot, og eit nytt samarbeid – han tok med seg bandet og forlét sitt heimlege New Zealand, med kurs mot California, og gjekk i studio med produsent Noah Georgeson.

Country-trekka var meir markante på førsteplata, for no plasserer Williams seg nærare grandiose melankolikarar som Roy Orbison og Chris Isaak. Men det som tok meg i 2015, er det som også tek meg med *Make Way For Love* – ei røyst som ikkje berre ber om merksemda di, men som gjer krav på henne, ja, ei røyst som får alt til å stoppe opp.



Åsmund Nesse er ein låtskrivar som kjenner handverket og Vestlandet godt, skriv Øyvind Vågnes. Foto: Nese Sound

## SLITESTERK MUSIKK

Det går knapt an å skru på radioen, opne ei avis eller gå inn på den utrøyttetelege feeden utan å høyre om robotane som kjem for å ta over. Maskinene skal transformere varehandelen, hjelpe oss å ta hand om dei sjuke og dei gamle og gjere oss i stand til å drepe kvarandre meir presist og effektivt i krig.

Men vi må visst vente litt med å overlata balladen og visa til maskinene. Tilfellet ville ha det til at *Make Way For Love* låg i postboksen saman med eit meir kortreist album, nemleg bømblingen Åsmund Nesses fine *Viser frå Vesterland*. Kor ulike platene enn er, så er dei begge bygde på ei førestelling om musikk som ei av dei eldste og mest slitesterke

kommunikasjonsformene menneskeslekta har framdyrka, der røysta og samspelet representerer noko uerstatteleg.

Nesses album er ei varm og nær plate – djupt forankra i staden og miljøet. Songane er komponerte og framførte nært havgapet, av ein låtskrivar som kjenner handverket godt, og eit lag musikarar som også er gode lyttarar, som veit kva ord og melodi treng. Visene frå *Vesterland* kjennest ekte, med ein eigen dempa glød. Dei er tett på det mellommenneskelege og det kvardagslege – kvalitetar det er vel verdt å verne om.

## ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i *Dag og Tid*.



Dresden på eit postkort frå kring 1900. Kuppelen t

# Anonyme

La Folia Barockorchester  
Dresdens augusteiske gu

## CD



ANONYMUS:

**Rediscovered Treasures from Dresden**

ROBIN PETER MÜLLER, FOLIN;

LA FOLIA BAROCKORCHESTER;  
KONSERTMEISTER: PIA GRUTSCHUS, DEUTSCHE HARMONIA MUNDI 2018

«Den augusteiske gullalderen» blir han gjerne kalla, regjeringsperioden til keisar Augustus kring Kristi fødsel, i tida då litteratur, kunst og arkitektur blømde i Romarriket. Men òg det tyske kurfyrstedømmet Sachsen hadde ein augusteisk gullalder: I tida frå 1697 til 1763 (med eit kort avbrekk under Den store nordiske krigen) herska tre augustar – August I «den sterke», August II og August III – ikkje berre som kurfyrstar over Sachsen, men òg som kongar over Polen. I denne augusteiske tida fekk residensbyen Dresden den forma me kjenner i dag, med storfelt barokkarkitektur som Frauenkirche, Zwinger og